



Arkoconsult AS  
pb. 103 , HTB Bygget  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/300 - 15/36555


Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
04.12.2015

## Om bølgebrytar og plangrense - gbnr 108/515 m fl Lindås

Viser til din e-post 01.12.2015 og til tidlegare korrespondanse om bølgebrytar i forlenging av flytebrygga til Lindås Brygge/Consensus Holding . På vedlagte kartutsnitt har eg lagt inn plangrensa for gjeldande reguleringsplan i grunnkartet, som viser den reelle plasseringa av eksisterande flytebrygger. Eit mindre utsnitt av kartet er vist til venstre nedanfor. Til høgre er gjeldande plangrense vist i kombinasjon med den gamle planen, godkjent i 1994.

Tat i betraktning dei endringar og feilkjelder som ligg i kartgrunnlaget frå 1990-talet, 2000-talet og fram til i dag, trur eg dette er nærmaste vi kjem, og kommunen vil leggja til grunn den viste plangrensa, som vi har kontrollert i forhold til analogt plankart .



### Kommentarar til punkt

- 1) Alle mål er tekne frå kart, ca 12 m stemmer med dei siste målingane våre.

- 2) Formuleringa i løyvet til bølgebrytaren til gbnr 108/33 «ca 4m å gå på» betyr at det er ca 4m frå eksisterande brygge til byggegrensa, basert på søkar sine opplysningar. Eg ser at situasjonsplanen som er godkjent i saka om bølgebrytar på gbnr 108/33 si brygge, ikkje stemmer med den reelle situasjonen. Ved å korrigera retning i samsvar med søknaden deira, skulle det lata seg gjera å få heile anlegget innafor plangrensa og formålsgrensa.
- 3) At det er nytta feil plankart i søknaden, har ikkje noko å seia, i handsaminga har kommunen lagt til grunn gjeldande plan .
- 4) Dagens kartgrunnlag viser rell plassering av begge flytebyggene. Dykkar situasjonsplan manglar total lengde på anlegget ut frå land. Plangrensa som de har lagt inn er ikkje eksakt lik den kommunen legg til grunn. Ved handsaming av dispensasjonssøknaden kjem vi ikkje til å leggja avgjerande vekt på om tiltaket er 6 eller 12 m utafør plangrensa.
- 5) Vi kan ikkje førehandshandsama søknaden i forhold til nabomerknader og heller ikkje forutseia kva som kan verta godkjent av vidare utbygging innafor hamneområdet.
- 6) Sjå 2) og 3).

Meir kan ikkje kommunen bidra med før vi har søknaden på bordet, klar for handsaming .

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

108-515\_plangrense

**Kopi til:**

Consensus Holding AS

c/o Ole Moen As 5954

MONGSTAD

**Mottakarar:**

Arkoconsult AS

pb. 103 , HTB 5291  
Bygget

VALESTRANDSFOSSEN